

Årbok for Karmsund



HAUGESUND MUSEUM

Årshefte 1961-1965

Museums- og historielaget
for Haugesund og bygdene

1966

«Hundre dalar» og Gunnarsfolket på Håvik

Av N. H. Tuastad

Når folk kjem i museet og ser Håvikfunnet er det eitpar ting mest alle spør om. Det eine er kor mange pengar dette var den gongen dei kom til Håvik; med andre ord kor stor kjøpekraft dei hadde. På dette svarar eg gjerne at kring den tid pengane kom til Håvik, var eit ku-verde vanleg rekna til 3 riksdalar, så desse pengane var nok til å kjøpa 40 kyr for. Ein annan mælestav er jordtakstane. Når dei ved arveskifte sette takst på gardsbruk, låg takstane kring år 1700 her i Karmsundsbygdene oftast på frå 3 til 5 riksdalar pr. spann. Då ville dei for 120 dalar kunna kjøpa 24 spann eller eit pund jord, og det var etter tilhøva her eit svært bra einmannsbruk.

Det andre som folk ofte spør om er kven som kan ha ått alle desse pengane. På det må me svara at det er heilt utenkjeleg at ein nokon gong gjennom arkivkjeldene skulle kunna finna materiale som gir eit endeleg svar på dette spørsmål; det me kan koma fram til her vert difor berre gissing. Carsten Svarstad har i det føregåande peika på den ruta pengane må ha fylgt til landet, slik pregestadene og gir ei hytting om, og at pengane truleg har kome til Håvik som ein samla sum. Både talet 120 - «hundre dalar» som dei kalla det den gongen, eit «stort hundre» sa dei seinare — og dette at alle myntane er av eins verde, dalarar, tyder på det same. At pengane er frå mange statar, talde ikkje noko den gongen; pengane var gangbar valuta kvar du kom når dei berre heldt sylvqualiteten og vekta. Vekta er 28-29 gram, og det er det same som normalvekta til den gamle europeiske thaler (etter Joachimthaleren). Det er forvitneleg at på mange av myntane i Håvikfunnet har dei hogge noko av kantane, ofte til langt inn på preget. Ein må gå ut frå at

dette er gjort då dei ferdig slegne myntane kom på kontrollvekta, og det der synte seg at dei heldt for god sylvvekt. Dei yngste myntane, 3 stykke, ber årstalet 1666. Dei tykkjest ha vore nokså nyslegne då dei kom til Håvik, og pregeåret 1666 er ei grensa attover når me spør kva tid pengane kom til Håvik. Serleg mykje seinare enn kring 1670 kan det vel likevel ikkje ha vore, og ei øvre grensa for kva tid pengane er komne i jorda kan snaut liggja mykje etter år 1700.

Var det bufaste folk på Håvik som åtte pengane lyt me freista finna ut kven som budde på garden i tida kring 1670 og framover til litt inn i 1700-åra. I 1660-åra er ein mann med namn Gunnar, fødd kring 1620, leiglending på Håvik. Farsnamnet hans kjenner me visst ikkje førebels; men me veit at han var av den gamle storætta på Torpe i Vikør prestegjeld, Kvam i Hardanger og han åtte jord av Torpegodset; i 1683 er han oppført med 1 laup smør og 1 hud jord i Torpe, medan han som nemnt sjølv var leiglending på Håvik, som tilhørde Skjold prestebol. Gunnar må vera død snart etter, for i 1688 er eigedomen hans i Torpegodset gått over til Tjerand Håvik, som og åtte anna Torpegods. På Håvik er i 1701 kome ny brukar, Nils, og som son er oppført Johannes Gunnarsson, som då må vera stykson og truleg son til den førre brukaren. I manntalet 1701 finn me under Håvik den mykje talande merknaden: «Bønder lever vel». Med andre ord har dei merkt seg ut i levemåte der på garden. Mellom 1711 og 1723 er det kome nye bygslefolk på Håvik. Bonden heiter Helge, og sidan er det hans ætt me finn på gården.

Men det gamle Gunnarsfolket finn me att på ættegodset i Hardanger. I 1701 er ein Olav Håvik eigar i Torpe, og Tjerand Håvik eig jord i Ytre Kvalvik, som og er Torpegods. Gunnarsfolket på Håvik hadde nok ætterøtene sine i Hardanger, og dei var i ætt med folket på Håvarsholm, Austevik og Rød i Sveio som alle hadde jordeiga i Torpegodset. Dei ætta alle saman frå «Rike Torstein» Askjelsson (ca. 1400). For nå å koma attende til Gunnar på Håvik så er det grunn til å tru at han var son til Johannes Olavsson Rød i Sveio f. kring 1580, og kona Barbro Gunnarsdotter. Johannes Rød var visstnok sjølv frå Torpe, og det er i alle høve visst at han var mellom dei fremste bønder i Sunnhordland på den tid. (Interesserte kan finna meir utførleg om dette i Berge Velde: «Slektene Velde og Espeland»).

I Gunnarsfolket finn me såleis ein rimeleg økonomisk bakgrunn for at det kunne finnast ein så stor pengesum som dette på Håvik, og som me har sett, budde dei på Håvik i den tida me reknar med at pengane må ha kome til gards. Me kan gjerne gissa på at det var gamle Gunnar sjølv som hadde liggjande «hundre dalar» nedgravne under stovegolvet og døydde frå dei, utan at arvingane visste kor han hadde gøymt dei.

Hadde det nå berre vore så vel at tradisjonen hadde visst om ein «rike Gunnar» på Håvik, så var mannen funnen.

Pungen med dei 120 dalarane kan som nemnt ikkje vera kome tidlegare i jorda under stovegolvet på Håvik enn kring 1670. Funnet var så ungt at det kom ikkje inn under fornminnelova, og finnaren hadde ikkje plikt til å gi det frå seg til det offentlege; det var hans lovlege eigedom. Dette gjorde eg Bjarne Eikanger merksam på alt funndagen, då eg saman med Ingjald Gjersvik var på Håvik etter at Eikanger i telefon hadde varsla om funnet. Eikanger sa seg samd i at me skulle ta myntene med oss til museet og få dei granska og takserte av Universitetets Myntkabinett i Oslo. Eg vil her få retta ei takk til førstekonservator Carsten Svarstad og medarbeidarane hans ved myntkabinettet for det store arbeidet dei gjorde med dette, og for den eineståande hjelpsemd dei synte oss. Svarstad publiserte funnet i Nordisk Numismatisk årsskrift 1962, og eg takkar og for at me fekk prenta manuskriptet hans her.

Museet vårt var sjølvsagt sterkt interessert i å få overta funnet slik at det kunne verta verande her i distriktet der det retteleg høyrer heime. Universitetets Myntkabinett stillte seg heilt positivt til dette og hjelpte oss her på alle vis, og det var ei stor glede for oss at finnaren valde å overlata funnet samla til museet, sjølv om og mange private samlarar melde seg som kjøparar. Haugesunds Sparebank stillte til rådvelde for museet midlane til å løysa inn funnet, og eg vil på vegner av museet takka banken for denne sers velkomne hjelpa.